


## Vedlegg 4

### Innspel frå rektorane



## Notat

**Frå:** Gro Fivelsdal

**Til:** Susan Husabø, OA  
Ingeborg Lie Fredheim, OA  
Bekka Skaasheim, OA

**Kopi til:** Tor-Einar Holvik Skinlo, OA

### Innspel - Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020 frå Dale vgs

For Dale vgs er det naturleg å tenkje at dei eksisterande tilboda vert ført vidare i skuleåret 2019-20. I tillegg til det ordinære tilbodet har vi helsearbeidarfag for vaksne minoritetsspråklege. I fjor hadde vi ein GMU-klasse, men på grunn av lågare innvandringstal vart ikkje denne klassen ført vidare i år. Dale vgs stiller seg positiv til å gjenoppta GMU-tilbodet, dersom det skulle vere behov for det.

Ingen kommentar til Studiespesialisering.

#### Yrkesfag

Vi reknar med at Vg2 Industriteknologi får nok søkjarar og vert sett i gang igjen hausten 2019. Vi har aldri hatt problem med å finne læreplassar for desse elevane. Det er eit tydeleg behov i regionen for denne typen kompetanse.

To parallelle Vg1-klassar på TIP og HO gjer at vi i stor grad kan sikre rekrutteringa til éin klasse på Vg2 på Industriteknologi og Helsearbeidarfag. Vi håper at vi kan halde fram med to parallelar på Vg1, då elevtalet tilseier at behovet vil vere der. Her vil søkjartala vere avgjerande.

Elevane frå Vg2 Helsearbeidarfag er etterspurde og har ingen problem med å skaffe seg læreplass.

#### Påbygging

Primærsøkjartalet til påbygging i Dale har variert og ikkje alltid vore så høgt, men likevel har vi kvart år starta opp med full klasse, og ikkje minst har det vist seg at gjennomføringsgraden har vore god. Det er viktig å kunne halde fram med eit tilbod om påbygging. Dette gir også synnergieffektar for tredjeklasse på ST, både fagleg og sosialt. Per i dag tel påbyggingsklassen 28 elevar.

Vi ønskjer at påbyggtilbodet i Dale skal vere til elevar både med og utan fagbrev, jf. ordninga i Årdal. Har vi ledige plassar, så bør vi også kunne ta inn elevar som har fullført fagbrevet, slik at ikkje ungdomar frå regionen blir påført unødig hybtilvære.

## Svar – Opplæringstilbudet 2019-20 – konsekvensar av ny yrkesfagleg struktur (tidlegare innsendt)

### Bygg- og anleggsteknikk

Kvart år har vi elevar frå grunnskulen i HAFS som ønskjer å søkje seg til Vg1 bygg- og anleggsteknikk og som etterspør dette tilbudet i Dale. Behova i lokalt næringsliv tilseier at ein lokalt burde hatt eit tilbud om Vg1 i regionen. Det vart gjort vedtak i hovudutval for opplæring som opna opp for samarbeid mellom skulane om ulike fagtilbod. Vi ser det ikkje som aktuelt å ha vår eigen Vg1-klasse på bygg- og anleggsteknikk, men ønskjer ei utgreiing av eit konkret samarbeid her, gjerne i dialog med næringslivet og skulane.

Eg viser til vedtaket i hovudutval for opplæring:

*For å møte lokale behov for kompetanse ønskjer hovudutvalet ei utgreiing av moglegheita for at ein større del av opplæringa skjer på fleire stader. Det skal særleg vurderast i kva grad deler av opplæringa kan finne stad nær bedriftene, samstundes som elevane blir ivaretekne.*

*Hovudutvalet ønskjer at utgreiinga skal legge til rette for eit forsøk med slike fleksible opplæringstilbod frå skuleåret 2019 - 2020. Hovudutvalet ønskjer at fylkesrådmannen særleg vurderer moglegheitene for samarbeid om:*

*Teknikk - og industriellproduksjon ved Eid vgs i samarbeid med Stryn vgs.*

*Helse - og oppvekstfag ved Mo og Øyrane vgs i samarbeid med Høyanger vgs.*

*Bygg - og anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vgs i samarbeid med Dale vgs.*

*Samarbeidet mellom skulane skal innehalde ein heilskapleg plan for gjennomføring av fellesfag, programfag, yrkesfagleg fordjuping og som viser systematisk bruk av fleire opplæringsarenaer. Dersom administrasjonen vurderer det som hensiktsmessig, kan ein også sjå på eit breiare samarbeid mellom fleire skular.*

(Møteprotokoll Hovudutval for opplæring 21 .11 .2017)

Vi ønskjer ein konstruktiv dialog om Vg1 bygg- og anleggsteknikk som samarbeidsprosjekt for skuleåret 2019-20



**Sakshandsamar:**

Nina Bygstad  
E-post: Nina.Bygstad@sfj.no  
Tlf.: 57637304

**Vår ref.**

Sak nr.: 18/7760-10  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

42904/18

**Dykkar ref.**

**Dato**

FØRDE, 19.09.2018

## Notat

**Ikkje offentleg**

**Ofl § 14, interne dokument**

**Frå:** Nina Bygstad

**Til:** Susan Husabø, OA

**Kopi til:**

### Svar - Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020

Eg tek utgangspunkt i at opplæringstilbodet vi har ved Hafstad pr. i dag ligg til grunn for utlysing for skuleåret 2019-2020.

Søkjartalet til KDA og MK kan vere ei utfordring i høve grensa på 20 elevar. Vi opplever at denne utfordringa, spesielt for KDA, vart skapt då gruppetalet vart auka frå 15 elevar til 30 elevar i 2014. Her har vel søkjartalet vore nokon lunde jamt.

Eg vil påpeik viktigheita av at desse kreative utdanningstilboda blir oppretthaldne for elevgruppene i Sunnfjord òg i Sogn og Fjordane. Dette er kompetansar som blir peika på som viktige for å ruste ungdommen inn i det framtidige samfunnet.

Auka gruppetal, både for KDA og MK, har også medført behov for delingstimar i dei praktiske programfaga, for å kunne tilby elevane eit forsvarleg pedagogisk opplegg i tråd med kompetansemåla.

Dersom søkjartalet til desse to kreative opplæringstilboda dannar grunnlag for diskusjon om å starte opp klassane, meiner eg ein må sjå på alternativet med å starte ei delt gruppe. 15+15 elevar, delt i programfaga. Dermed sparer ein seg delingstimar i programfaga, slik ein må køyre i dag. Vidare slår ein dei saman i fellesfaga, og sparer rammetimane for eine gruppa. .

Sidan fylkesdirektøren ser det som lite aktuelt å tilby det nye utdanningsprogrammet IKT og medieproduksjon vel eg å ikkje kommentere dette noko meir.

**Sakshandsamar:**

Torill Thorbjørnsen  
E-post: torill.thorbjornsen@sfj.no  
Tlf.: 57637787

**Vår ref.**

Sak nr.: 18/7760-39  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

46078/18

**Dykkar ref.****Dato**

HØYANGER, 10.10.2018

## Notat

**Frå:** Torill Thorbjørnsen

**Til:** Susan Husabø, OA

### Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020

Vi ønskjer å oppretthalde tilbodet som det er i dag.


Viser og til vedtak i hovudutvalet for opplæring november 2017 om samarbeid innan helse og oppvekst.

Vi har sett på ulike modellar for samarbeid med Mo og Øyrane innan helse og oppvekst. Vi ønskjer å få til ein modell i samarbeid med opplæringsavdelinga og leiinga ved MOY, dette arbeidet må starte hausten 2018.

I tillegg ønskjer vi meir trykk frå OA til skulane om å samarbeide digitalt i fag der det er få elevar, døme realfaga. Fag som vi må tilby for å gi elevane spesiell studiekompetanse er i dag svært dyre å drive for skulen. Her kan vi utnytte både fagkompetanse og digitale kompetanse på tvers av skulane.

Med helsing

Torill Thorbjørnsen  
rektor

**Sakshandsamar:**Hallgeir Hansen  
E-post: Hallgeir.Hansen@sfj.no  
Tlf.:**Vår ref.**Sak nr.: 18/7760-37  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

45510/18

**Dykkar ref.****Dato**

SANDANE, 05.10.2018

## Notat

**Frå:** Hallgeir Hansen  
Susan Husabø, OA

**Til:**

**Kopi til:**

### Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020- Innspel frå Firda vgs

Viser til sak om opplæringstilbod skuleåret 19-20. Firda vgs har fylgjande innspel:

Vi reknar med at dei utdanningsprogramma og tilsvarande grupper som skulen har i dag vert vidareført komande skuleår.

Dei siste åra har det vore stor søknad til studiespesialiserande og idrett ved Firda. Dersom det vert aktuelt har Firda kapasitet til å ha 2 grupper i eit av dei desse utdanningsprogramma.



## Notat

Ikkje offentleg  
Ofl § 14, interne dokument

**Frå:** Knut Chr. Clausen

**Til:** Susan Husabø, OA

**Kopi til:**

### FLOV- Opplæringstilbudet for skuleåret 2019-2020- Innspel frå Flora vidaregåande skule

Etter at skulen har vurdert oppfylling inneverande skuleår, samt rekrutteringsgrunnlaget frå grunnskulen og GMU, har skulen ikkje framlegg til endringar for skuleåret 2019-2020.

#### Konsekvensar for opplæringstilbudet 2020-2021


Ved å vidareføre dagens tilbod neste skuleår held ein og oppe fagmiljø som gjer til at skulen kan levere opplæring innanfor ny tilbodsstruktur i yrkesfaga frå skuleåret 2020-2021. Dette gjeld særleg innanfor programområda Byggfag og Sal, service og reiseliv. Dette tyder konkret at ein beheld fagkompetanse til opplæring innan desse områda i ny struktur 2020-2021 slik:

Byggfag 2020-2021:

- VG2 «Tømrer»
- VG2 «Rør»
- VG2 «Rør» i kombinasjon med «ventilasjon, membran og takteking»

Sal, service og reiseliv 2020-2021:

- VG2 Service og sikkerhet, eller
- VG2 Sal og reiseliv

**Sakshandsamar:**

Liv Horvei  
E-post: Liv.Horvei@sfj.no  
Tlf.: 57637301

**Vår ref.**

Sak nr.: 18/7760-30  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internett l.nr.**

44928/18

**Dykkar ref.****Dato**

FØRDE, 02.10.2018

## Notat

**Frå:** Liv Horvei

**Til:** Ingeborg Lie Fredheim, OA  
Susan Husabø, OA

**Kopi til:** Bekka Skaasheim, OA  
Tor-Einar Holvik Skinlo, OA

### Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020 - Innspel frå Mo og Øyrane vgs.

Saka om opplæringstilbodet er drøfta med plasstillitsvalde i møte 2.10.2018.

#### Teknikk og industriell produksjon

##### Framlegg:

- 3 grupper vg1 teknikk og produksjon
- 1 gruppe vg2 industriteknologi
- 1 gruppe vg2 køyretøy (12 plassar)
- 1 gruppe vg2 bilskade / Lakk (6 plassar)

Vg1 TIP - Bransjen signaliserer eit aukande behov for arbeidskraft hjå industribedriftene. Auka gruppetal vil i tillegg harmonere mot rekruttering til vg2 tilboda ved skulen, samt til fleire kryssløp frå vg1. Kryssløpa TIP rekrutterer flest elevar til vg2 transport og logistikk og til vg2 anleggsteknikk. Rektor sitt framlegg er difor å auke gruppetal frå 2 til 3 grupper på vg1.

Vg2 Køyretøy - I Sunnfjord region er bilbransjen tungt etablert og køyretøyklassen ved skulen må sikrast rekruttering for å kunne tilby bransjen lærlingane dei har behov for. Bransjen signaliserer eit behov for 12 plassar i gruppa. Rektor sitt framlegg er å auke elevtalet i gruppa frå 9 til 12 elevar.

#### Bygg og anleggsteknikk

- 5 grupper vg1 Bygg og anleggsteknikk
- 2 grupper Byggteknikk
- 3 grupper Anleggsteknikk



Bransje signaliserer behov for fagarbeidarar særskilt innan fag tømrarfaget, betongfaget, klima- energi og miljøteknikk, og anleggsteknikk. Rektor gjev difor framlegg om å halde på fem grupper på vg1 også for komande skuleår.

Med bakgrunn i store søkjartal og auka tal læreplassar i dei seinare åra signaliser næringslivet behov for å auke ei gruppe vg2 anleggsteknikk totalt i fylket. Mo og Øyrane vgs. tar utfordringa med å auke tal grupper, men dette vil medføre behov for ressursar til oppgradering av eksisterande utstyr og behov for fleire maskiner.

### **Helse- og oppvekstfag**

3 grupper vg1 helse og oppvekstfag  
 3 grupper vg2 helsearbeiderfag  
 1 gruppe vg2 barne- og ungdomsarbeiderfag  
 ½ gruppe helseservicefag  
 ½ gruppe ambulansefag

Helse- og oppvekstfag er eit populært programområde og har mange primærsøkjarar. Fire vg1 grupper i inneverande skuleår gjev grunnlag for auka gruppetal på vg2 nivå. Krav til kompetanse for tilsette som arbeider med barn og ungdom er aukande og sektoren signalisere samstundes eit framtidig behov for helsefagarbeidarar. Tal læreplassar er aukande der mellom anna Helse Førde gjev signal om å innføre lærlingordning i helsefagarbeidarfag. Eit auka gruppetal bør difor leggst til vg2 helsearbeidarfag frå skuleåret 2019-2020, men her er skulen fleksibel.

### **Naturbruk**

2 grupper vg1 naturbruk  
 1 gruppe vg1 naturbruk med vektlegging på hest  
 2 grupper vg2 landbruk- og gartnarnæring  
 1 gruppe vg2 hest og hovslagarfag  
 1 gruppe Vg3 studieførebuande naturbruk  
 1 gruppe vg3 landbruk

Hausten 2018 auka gruppetalet på naturbruk med 1 vg1 gruppe. Som ein konsekvens av dette, er det no grunnlag for å auke ei gruppe på vg2 nivå.



## Notat

**Frå:** Åsta Navelsaker Røed

**Til:** Susan Husabø, OA

**Kopi til:**

### Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020

#### YSK – Helsefag, Akvakultur, Industrieteknologi og IKT servicfag

Næringslivet i Sogn og Fjordane har i stor grad behov for å rekruttere elevar med både høg yrkesfagleg og teoretisk fagkompetane. Etterspurnaden etter YSK-elevar er vesentleg høgare enn plasstalet. Søknadsprosedyrane for YSK inntaket blei endra for skuleåret 2018/2019. Noko som truleg påverka søkartala til linjene. Dei nye inntaksreglane har vore med på å innskrenke elevane sin valmogelegheiter i høve til arbeidsplass. Vi ber om at inntaksreglane vert vurdert på nytt.

På bakgrunn av stort behov for IKT servicefag hois lokalt næringsliv bør det opprettast fire elevplassar ved YSK-IKT i tillegg, slik at plasstalet vert auka frå 16 til 20 plassar.

#### Naturbruk med fiske og fangst og akvakultur

Dette er eit fylkesdekkande tilbod som utgjer hovudrekrutteringa til fagutdanning innan dei marine næringane. Skulen har over tid hatt ein vesentleg auke i søkartala. Dei marine utdanningane er svært viktig for næringane på kysten.

#### Teknikk og industriell produksjon

Skulen har to klasser på Vg1 teknikk og industriell produksjon, ei klasse Vg2 køyretøy og to klasser Vg2 maritime fag. Det er lange venteliste til Vg2 maritime fag, likevel er dette ei riktig dimensjonering i høve til tal læreplassar.

Kompositt- og plastmaterialet vert tatt i bruk på stadig nye områder. Trendane viser vekst i bruk av komposittmateriale innan blant anna maritim sektor, oljeindustri og offshore. Utdanning innan Vg2 plast og kompositt, som også rekrutterer frå Vg1 teknikk og industriell produksjon er i høg grad tilpassa næringslivet sine behov for fagarbeidarar med kompetanse innan dei nye materialar.

#### Restaurant- og matfag

Restaurant og matfag har jamt over hatt god søknad over mange år. Skulen har godt samarbeid med mange lokale og regionale bedrifter i høve til læreplassar.

#### Helse og oppvekstfag

Vi har hatt god rekruttering både til Vg1 helse og oppvekstfag og Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag.

### **Bygg- og anleggsfag**

Dette utdanningsprogrammet er svært viktig for rekruttering til det lokale og regionale næringslivet. Søknadstala for Vg1 har jamt over vore gode, medan søknadstala for Vg2 har vore noko lågare.

### **Studiespesialisering**

Skulen har hatt god søknad til både Vg1, Vg2 og Vg3, tilbudet er rett dimensjonert i høve til søkjartal.

På bakgrunn av skulen sine høge søkjartal og næringslivet sine behov ser skulen det som tenleg å vidareføre bredda og dimensjoneringa i utdanningstilbodet ved skulen, samt å starte opp eit nytt Vg2 tilbod innan plast og komposittfaget.

Måløy vidaregåande skule hadde skuleåret 2017/2018 svært gode søkjartal. Elevgrunnlaget i grunnskulane i Vågsøy, Selje og Bremanger er stabilt, medan ein ser ein auke i elevgrunnlaget i Gulen, som også er eit viktig rekrutteringsområde for skulen.

Skulen sitt utdanningstilbod innan yrkesfag speglar i høg grad næringslivet sine behov, og ein drar vekslar på kvarandre sin kunnskap i høve til den faglege utviklinga. Næringslivet har signalisert sterkt til skulen at dei har behov for ei utdanning innan **plast og komposittfaget**. Dette utdanningstilbodet er berre oppretta i Kongsberg så langt, og vil såleis være ei satsing som heile regionen kan dra nytte av. Næringslivet i Nordfjord har synleggjort behovet for denne utdanninga gjennom møter mellom Måløy vidaregåande skule og bedrifter innan plast og komposittbransjen. Slike møter er oppklarande både for skulen og bedriftene, i forhold til korleis ein kan samarbeid om utdanningstilbod som stettar næringslivet sine behov.

Skulen vurderer det difor som tenleg å vidareføre bredda i tilbudet ved skulen, samt å starte opp eit nytt Vg2 tilbod; Plast og kompositt, som næringslivet etterspør.

Opplæringstilbodet for 2018/2019 har vore drøfta med plasstillitsvalde i møte 04.10.17



## Notat

**Ikkje offentleg**  
**Ofl § 14, interne dokument**

**Frå:** Ole Jørgen Øygarden

**Til:** Ingeborg Lie Fredheim, OA  
Susan Husabø, OA  
Tor-Einar Holvik Skinlo, OA  
Bekka Skaasheim, OA

**Kopi til:**

### Innspel til opplæringstilbodet skuleåret 2019-2020 frå Sogndal vgs.

**RM :**

Me ynskjer å lysa ut vg1 for å sjå om det er søkjargrunnlag for å starta ei gruppe. Sogndal, Mo og Øyrane og Måløy vgs er i eit felles prosjekt for å auka rekrutteringa innan restaurant og matfag. Me håpar dette gjev seg positive utslag for alle tre skulane.

**MK :**

Me ynskjer å lysa ut vg1 MK for å sjå om det er søkjargrunnlag.  
Me ynskjer også å kunna tilby vg2 MK og vg 3MK skuleåret 2019 – 2020.

Dersom det ikkje er søkjargrunnlag eller at me ikkje får lysa ut vg1 MK, ynskjer me å erstatta det med ein fjerde klasse studiespesialiserande.


Det vil vera synd for regionen vår om me no mister to programområder. Me ynskjer difor at det vert lyst ut vg1 for å sjå om det er grunnlag for å starta opp. Søkjarmassen vil då gje oss svara.

#### **VG2 Anleggsteknikk**

Det er kome innspel frå OKAB om at dei ynskjer ein ekstra klasse på vg2 anleggsteknikk. Sogndal vgs har kapasitet for å ta imot denne klassen om det skulle vera aktuelt.

Me ynskjer framhald i dei andre tilboda som ikkje er nemnde her.

Mvh Ole Jørgen Øygarden



**Sakshandsamar:**  
Anders Magne Bruvoll  
E-post: Anders.Magne.Bruvoll@sfj.no  
Tlf.: 99524511

**Vår ref.**  
Sak nr.: 18/7760-38  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**  
45583/18

**Dykkar ref.**

**Dato**  
STRYN, 05.10.2018

## Notat

**Frå:** Anders Magne Bruvoll

Susan Husabø, OA

**Til:**

**Kopi til:**


### Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020

Stryn vidaregåande skule ynskjer å vidareføre opplæringstilbodet og klassetalet skulen har inneverande skuleår.

Ved neste korsveg kjem vi opp i problemstillinga med rekruttering av elevar til vg2 transport/logistikk. Utan vg1 TIP er det truleg at utdanningsprogrammet vil forsvinne frå skulen. Det betyr at premissen om at nye tilbod ved skulen må henge i hop med tilsvarande reduksjonar, ikkje er relevant for Stryn vgs. Enten må vi få tilført eit nytt tilbod, eller så vil vi miste eit tilbod. Vi kjenner til at næringslivet uttrykker behov for å rekruttere både frå vg2 transport/logistikk og frå vg2 industriteknologi. Vg1 TIP i Stryn vil sannsynlegvis bidra til at fleire ungdom frå regionen vil velje desse utdanningane.

Med helsing

Anders Bruvoll  
rektor



## Notat

**Ikkje offentleg**  
Ofi § 13, jf. forvaltningslova § 13 første ledd, nr. 1

**Frå:** Geir Kjetil Øvstetun

**Til:** Ingeborg Lie Fredheim, OA  
Susan Husabø, OA

**Kopi til:**

### Opplæringstilbodet for skuleåret 2019-2020 Årdal vidaregåande skule

Årdal vgs. sine innspel til neste års opplæringstilbod:

#### **Vg1 Elektro/Vg2-vg3 Automatisering**

Skulen ønskjer å halde fram nedoverande tilbod. Vg1 elektro har god søknad. Vg2 og vg3 automasjon har ca. 50% eigne elevar og 50% elevar frå andre skular. Vi har i lang tid hatt eit godt læringsmiljø i desse klassane, samt hatt eit nært samarbeid om yrkespraksis med verksemdene både lokalt og regionalt. 8 av 10 fekk læreplassar våren 2018.

Vi er ikkje lenger fylkeslinje, og er uroa over oppdekking av læreplassar i 2019, når verksemdene må stille med nesten dobbelt så mange læreplassar som i 2018.

Årdal vgs er godt utstyrt, har eit sterkt fagleg miljø, har særleg god tilgang på læreplassar, og ønskjer difor å vere den skulen som også i framtida skal tilby denne utdanninga.

#### **Tip/Vg1 Teknikk og industriell produksjon og vg2 Industriteknologi**

Skulen ønskjer å halde fram med overande tilbod.

Vg1 Tip har stor søknad, og det er full klasse inneverande skuleår (15 plassar).

Vg2 Industriteknologi har og god søknad og vi har god tilgang på læreplassar, særleg lokalt. Sju av åtte elevar på vg2 Industriteknologi fekk læreplass våren 2018. Den siste eleven mangla matematikk på Vg1 og starta difor på Påbygg Vg3, etter eige ønske.

#### **Tip/Vg2 Kjemiprosess**

Skuleåret 2017/18 var det 12 elevar i denne klassen, den eine eleven var, og er framleis, delkurselev ved skulen. Av desse fekk 5 læreplass ved Hydro Årdal, 2 på Norsun Årdal, 2 ved Equinor og 1 ved Elkem Svelgen. Den siste skulle også på intervju ved Elkem Svelgen hausten 2018. Klassen vart fylt opp ved skulestart og dette viser også at tilgang på læreplassar og samarbeid med lokalt og regionalt næringsliv er på plass. Ved skulestart hausten 2018 fekk skulen telefonar frå fleire elevar, som kunne tenkt seg å starta på Vg2 Kjemiprosess. Vår meining er at klassen på den måten hadde fått meir enn 8 elevar, på same måte som ved skulestart 2017.

Skuleåret 2018/19 vart ikkje klassen sett i gang, grunna for lågt primærskartal. I møte med Fagopplæringsnemnda 11.09.2018 vart det frå Årdal vgs og Hydro Årdal si side peika på at det var vesentleg for Hydro si framtidige rekruttering at tilbodet om Vg2 Kjemiprosess kjem på plass att frå skuleåret 2019/20.

I den nye yrkesfaglege strukturen vil Vg2 Kjemiprosess bli slege saman med Vg2 Laboratoriefaget. Dette, saman med endra kryssløp, vil etter vår meining auka rekrutteringa til programområdet.

#### **Vg1 Service og reiseliv/ Vg2 Sal og service**

I samband med omlegging av opplæringsstrukturen programområde for Sal, Service og Tryggleik meiner Årdal vgs at skulen frå skuleåret 2019/20 skal tilby det «nye» programområdet **Sal, Service og Reiseliv (VG1) og Sal og reiseliv (VG2)** som leier fram til lærefaga salsfaget og reiselivsfaget.

Årdal vgs har i sidan 2007/2008 opparbeidd seg eit godt nettverk av salsbedrifter som gjev tilbod om lærekontrakt i salsfaget, og skulen har høg kompetanse innan dette fagområdet.

I sum har 45 % av dei ordinære elevane i same periode fått tilbod om og teikna lærekontrakt i programfaga, **21 % av desse i salsfaget** (intern statistikk)

Dette har skjedd samstundes som Årdal kommune har hatt ein strategi på å bygge ut og utvikle handelstilbodet i kommunen.

I Årdal kommune sin strategiske næringsplan (2017 – 2020) er **reiseliv** peika ut som 1 av 5 prioriterte satsingsområde der dei mellom anna seier at kommunen skal «legge til rette for utvikling av Årdal som heilårleg reiselivsmål innan opplevingsturisme og kulturturisme» (Kjelde: STRATEGISK NÆRINGSPLAN ÅRDAL 2017 – 2020, side 29).

Dei seinare år har det vorte etablert fleire nye aktørar innan reiselivsfaget, og for å lukkast med strategien er Årdal kommune avhengig av rekruttering med kompetanse innan reiselivsfaget. Dette gjeld også nabokommunane våre. Denne satsinga gjev også fleire moglegheiter for å etablere gode nettverk med tanke på lærebedrifter/praksisbedrifter. *Samstundes er nabokommunane våre, Lærdal og Aurland, blant dei største reiselivsdestinasjonane i landet.*

Det vil difor vere heilt i tråd med Årdal kommune, Lærdal kommune og Aurland kommune sine satsingsområde, samt utdanningsstyresmaktene sine målsetjingar om fullføring av yrkesfaglege løp, å leggje dette utdanningsprogrammet til mellom anna Årdal vgs.

Slik det ser ut vil det vera naturleg å leggja totalt 3 klassar innan programområdet til Sogn. Vårt framlegg er:

<b>Årdal vgs</b>	<b>2019/20</b> Vg1 Sal, service og reiseliv Vg2 Sal, service og tryggleik	<b>2020/21</b> Vg1 Sal, service og reiseliv Vg2 Sal og reiseliv
<b>Sogndal vgs</b>	<b>2019/20</b> Vg1 Sal, Service og reiseliv Vg2 Sal, service og tryggleik(2 klassar) Vg1 Service og tryggleik	<b>2020/21</b> Vg1 Sal service og reiseliv Vg2 Sal og reiseliv Vg1 Service og tryggleik Vg2 Fyrsteline-tenester

### **Studieførebuande utdanningsprogram/Påbygg til generell studiekompetanse**

Skulen ønskjer å halde fram med noverande tilbod.

Me har god søknad på vg1, vg2 og vg3 studieførebuande.

Søkjartala til Påbygg til generell studiekompetanse har vore gode og gjennomføringsgraden er god. Dei siste 2 åra har elevtalet vore :

- 2017/18 24 elevar (4PÅA =10 og 3PÅA =14 elevar)
- 2018/19 28 elevar (4PÅA =17 og 3PÅA =11 elevar)